



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy,

Tildelingsbrev til Meland kommune som barnehagemyndigheit - midlar til rettleiing om regelverk på barnehageområdet

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 47 816** til Meland kommune, organisasjonsnummer 951 549 770, kontonummer 1503 18 83722.

Midlane skal nyttast til informasjon og kompetanseheving om regelverk på barnehageområdet. Tildelinga er gjort etter tal barn i barnehage, men med kr 5000,- som eit grunnbeløp for alle kommunane.

Etter § 8 i barnehagelova skal kommunen gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Dette betyr mellom anna at kommunen som barnehagemyndigheit må informere private og kommunale barnehagar om barnehagelov og rammeplan, og eventuelle endringar i regelverket.

I løpet av dei siste åra har det vært endringar i barnehagelova (mellom anna §§ 19 a-19 h) og blitt innført ny rammeplan for barnehagar. I desse dagar er eit forslag om innføring av nye reglar om psykososialt barnehagemiljø til høyring. Det er også foreslått andre regelendringar på barnehageområdet i denne høyringa.

Det er viktig at kommunen som barnehagemyndigheit gjer desse endringane kjent for private og kommunale barnehagar. Fylkesmannen i Vestland tildeler difor midlar til dette føremålet. Kommunane avgjer om dei vil samarbeide regionvis om arbeidet med regelverksforståing. Uavhengig av korleis ein praktisk gjennomfører og organiserer denne oppgåva, er det ein føresetnad for tildelinga at midlane kjem både private og kommunale barnehagar til gode på same måte.

Vedlagt er lenke til rapporteringsskjema for dei tildelte midlane i 2019.:

<https://response.questback.com/fylkesmannenihordaland/brpbqd2b5t> . Rapporteringsfrist er 1. februar 2021.



Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent